

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 30.08.2015
SAKSHANDSAMAR: Terje Arne Krokvik
SAKA GJELD: **Auka pensjonskostnad 2015**

ARKIVSAK: 2015/2115
STYRESAK: **082/15**

STYREMØTE: **21. 09. 2015**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Inntektsramma til helseføretaka blir som følgje av auka pensjonskostnad auka opp med følgjande beløp i heile tusen kroner:

Endra inntektsramme - tal i heile tusen kroner	Helse				Helse Vest		Total
	Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	RHF		
Meirkostnad pensjon - auka ramme	75 200	38 700	131 200	28 000	8 000	281 100	

Endringa i inntektsramma skal innarbeidast i rapporteringa pr. september.

Auka pensjonskostnad hos Sjukehusapoteka Vest, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF blir handtert administrativt i eigen ekspedisjon innafor ei ramme på kr 8 mill.

2. Driftskredittramme for aktuelle føretak blir sett ned som følgjer:

Driftskredittramme	Helse			
	Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Driftskreditt pr. 31/12-2015 - bestillardokumer	160 000 000	140 000 000	1 055 000 000	390 000 000
Endring som følge av endra pensjon	-75 200 000	-38 700 000	-131 200 000	-28 000 000
Ny driftskredittramme pr 31/12-2015 - RNB	84 800 000	101 300 000	923 800 000	362 000 000

Endringa i driftskredittramme blir innarbeida med ein halvdel ved utgangen av oktober og resterande del pr. 31/12-2015.

Oppsummering

Regjeringa la i mai 2015 fram forslag til «Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjett 2015»(Prop. 119 S 2014-2015). Budsjettet blei behandla i Stortinget i juni månad.

Helse Vest legg med dette fram forslag til fordeling av tilskot til auka pensjonskostnad i 2015. I tillegg blir det lagt fram forslag til justering av driftskreditt som følge av auka pensjonskostnad.

Fakta

Nye berekningar for pensjonskostnaden i 2015 viser at kostnaden for dei regionale helseføretaka vil auke med kr. 1 750 mill. i forhold til saldert budsjett 2015. I tråd med den etablerte ordninga for handtering av pensjonskostnader blei basisramme auka med kr 1 750 mill.

Den auka kostnadsberekninga har ikkje nokon likviditetsmessig effekt. Det blir derfor stilt krav om nedbetaling av driftskreditten i dei regionale helseføretaka med tilsvarende beløp som kostnadsauken.

Dei regionale helseføretaka har allereie fordelt inntektsrammer og stilt resultatkrav til sine helseføretak. Handteringa av endringane som følgjer av pensjonskostnad er derfor fordelt slik at denne ikkje endrar på føresetnaden som allereie er tatt omsyn til hos dei regionale helseføretaka. Ein fordeling av midlar til auka pensjonskostnad i tråd med ordinær inntektsfordelingsmodell ville gitt til dels vesentleg auka omstillingsbehov i enkelte regionar, og samtidig tilsvarende redusert omstillingsbehov i andre regionar. Fordelinga av auka midlar til pensjon blir derfor fordelt i tråd med auken i pensjonskostnaden.

For Helse Vest sin del vil basisramma bli auka med kr 281,1 mill. som følge av auka pensjonskostnad. Reduksjonen i driftskredittramma følgjer inntektsmodellen og er i føretaksmøtet i juni sett ned med kr 332 mill. til kr 1 623 mill. pr. 31/12-15.

I følgje KLP sine berekningar gir dette følgjande kostnadsauke i helseføretaka:

Oppdatert berening pensjonskostnad 2015	Ny berekning pensjon 2015	Opphavleg berekning budsjett 2015	Auka pensjon 2015
Helse Stavanger	911 700 000	836 500 000	75 200 000
Helse Fonna	488 000 000	449 300 000	38 700 000
Helse Bergen	1 565 000 000	1 433 800 000	131 200 000
Helse Førde	374 200 000	346 200 000	28 000 000
Sjukehusapoteka vest	26 900 000	27 300 000	-400 000
Helse Vest IKT	44 600 000	38 800 000	5 800 000
Helse Vest RHF	12 300 000	11 100 000	1 200 000
SUM	3 422 700 000	3 143 000 000	279 700 000

I tala til Sjukehusapoteka ligg det og inne berekna kostnad knytt til ordninga i Statens pensjonskasse. Som ein ser av tabellen ovanfor utgjer dette ein mindre reduksjon i kostnaden for 2015, og administrerande direktør vil tilrå at det ikkje blir gjort nokon endringar knytt opp til Sjukehusapoteka i 2015.

Det er elles ein mindre differanse mellom faktisk kostnadsauke (kr 279,7 mill.) og tildelte midlar (kr 281,1 mill.) som gjeld eit restbeløp som er fordelt frå staten.

Administrerande direktør vil elles føreslå at driftskredittramme til dei aktuelle helseføretaka blir sett ned med tilsvarende beløp som tilskot til auka pensjonskostnad 2015. Forskjellen mellom reduksjonen i driftskredittramme til Helse Vest RHF og dei aktuelle helseføretaka blir då handtert føretaksnivå. Dette utgjer følgjande reduksjon i driftskredittramme:

Driftskredittramme	Helse				Total
	Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	
Driftskreditt pr. 31/12-2015 - bestillardokument	160 000 000	140 000 000	1 055 000 000	390 000 000	1 745 000 000
Endring som følge av endra pensjon	-75 200 000	-38 700 000	-131 200 000	-28 000 000	-273 100 000
Ny driftskredittramme pr 31/12-2015 - RNB	84 800 000	101 300 000	923 800 000	362 000 000	1 471 900 000

Sum driftskredittramme i føretaka ligg godt innafor Helse Vest si ramme frå Helse- og omsorgsdepartementet på totalt kr 1 623 mill.

Konklusjon

Administrerande direktør tilrår at helseføretaka får dekt auka pensjonskostnad i 2015 og at basisramme til helseføretaka blir auka som følgjer:

Endra inntektsramme - tal i heile tusen kroner	Helse				Helse Vest		Total
	Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	RHF		
Meirkostnad pensjon - auka ramme	75 200	38 700	131 200	28 000	8 000	281 100	

Auka pensjonskostnad i Sjukehusapoteka Vest, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF blir handtert innafor tilbakeholdt beløp på kr 8 mill.

Vidare blir det føreslått at driftskredittramme for dei aktuelle helseføretaka blir sett ned som følgjer:

Driftskredittramme	Helse			
	Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Driftskreditt pr. 31/12-2015 - bestillardokumer	160 000 000	140 000 000	1 055 000 000	390 000 000
Endring som følge av endra pensjon	-75 200 000	-38 700 000	-131 200 000	-28 000 000
Ny driftskredittramme pr 31/12-2015 - RNB	84 800 000	101 300 000	923 800 000	362 000 000